

Miljøverndepartement avdeling for regional planlegging
Postboks 8013 Dep

0030 Oslo

Vår dato: 14.03.2008
Vår ref: 2008/656 - 3141/2008 /
Dykkar ref:

Uttale til rikspolitiske retningslinjer for universell utforming

Uttale til rikspolitiske retningslinjer for universell utforming

Stord kommune ser positivt på arbeidet med rikspolitiske retningslinjar for universell utforming, og kjem med fylgjande uttale:

Nasjonale mål for universell:

Her må det komme fram at ein ikkje bare skal ha like mogleik til å utvikle sine evner, men også å **bruke** evnene sine for å leve gode og meningsfylte liv.

Krav til den kommunale planprosessen:

Me trur at det ville vore fornuftig at kommunen hadde eit sett med retningslinjar og/eller bestemmelsar å velje mellom i staden for at kvar kommune skal vurdere å utforme sine egne retningslinjar. Sentrale mynde må utarbeide retningslinjene. Kanskje er det nettopp her den store utfordringa for kommunar ligg i det å ha kunnskap nok til å vete kva for retningslinjer som til ein kvar tid gjeld for kvar enkel plansak. Sjekklistar er gode hjelpemiddel, men er "ferskvare" og må kontinuerlig oppdaterast.

Det må kome fram korti relevante organisasjonar, brukargruppar eller enkeltpersonar skal kome med i ein planprosess. For reell brukarmedverknad og utfallet av saken er det viktig at ein kjem inn i planprosessen tidleg.

Krav til fysisk utforming

Det er etter kvart meir vanleg å tenke universell utforming i publikumsareale enn på arbeidsplassar. Arbeidsplassar bør difor ha sitt eige strekpunkt, for å understreke at det er viktig å tenkje at arbeidsplassar skal utformast på ein slik måte at alle skal kunne jobbe overalt.

Omsorgstilbod og bustadar for grupper med særlege behov er ein del av byplanlegging som er omtalt i punkt a, og treng ikkje eit særleg punkt.

Kulturminnar er viktig å få med under krav til fysisk utforming, til tross for til tidar høgt konfliktnivå er det viktig å optimalisere kva som er mogleg å få til av universell utforming i kulturbygg og anna.

Lov om offentlege anskaffelse

Rikspolitiske retningslinjer må fylgje lova som seiar at universell utforming **skal** taes omsyn til.

Med helsing



Astrid Larsen